



Innst. S. nr. 238

(2003-2004)

Innstilling til Stortinget fra familie-, kultur- og administrasjonskomiteen

St.prp. nr. 56 (2003-2004)

Innstilling fra familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om endring av medlemskap i Statens Pensjonskasse

Til Stortinget

SAMMENDRAG

Arbeids- og administrasjonsdepartementet ønsker i medhald av lov om Statens Pensjonskasse 28. juli 1949 (pensjonslova) § 20 tredje leddet å godskrive tidlegare teneste som pensjonsgivande for ei verksemd som er blitt statleg, slik at arbeidstakarane ikkje skal få dårlegare tenestepensjon som følgje av at verksemda blir statleg. Pensjonsreservar knytta til tidlegare teneste blir ført over til staten.

Proposisjonen viser til Ot.prp. nr. 55 (1992-1993), jf. Innst. O. nr. 96 (1992-1993).

Norsk Romsenter blei frå 1. januar 2004 omdanna frå ei stifting til eit statleg forvaltningsorgan, jf. St.prp. nr. 51 (2002-2003) Virkemidler for et innovativt og nyskapende næringsliv og Innst. S. nr. 283 (2002-2003).

Dei tilsette blei då statlege tenestemenn etter lov om statens tenestemen m.m. § 1, med rett og plikt til medlemskap i Statens Pensjonskasse (SPK), jf. pensjonslova § 5.

Departementet gjer framlegg om at Stortinget gjer slikt vedtak:

"I medhald av lov 28. juli 1949 om Statens Pensjonskasse § 20 tredje leddet blir det fastsett følgjande reglar om medrekning av tenestetid for tenestemenn i Norsk Romsenter:

1. Tenestemenn i Norsk Romsenter som blir medlemmer av Statens Pensjonskasse fordi dei har stillingar som gjer at dei blir overførte til staten, får tida før medlemskapen i Statens Pensjonskasse god-

skreven som pensjonsgivande tenestetid i Statens Pensjonskasse dersom dei har vore omfatta av ei kollektiv pensjonsforsikring i Storebrand. Det er ein føresetnad at premiereservane blir overførte til staten.

2. Dei tilsette som tidlegare har arbeidd ein annan stad, og der har vore medlem i ei anna pensjonsordning, får denne tida rekna med, dersom premiereserven frå den tidlegare pensjonsordninga er blitt overført til Storebrand, eller det er avtalt at verdien av den fripolisen vedkommande har i andre ordningar, går til frådrag i utbetalinga frå Storebrand.
3. Går tenestemennene i Norsk Romsenter over frå deltidstilling til større deltidstilling eller til full stilling ved overgangen til statsteneste, kan pensjonsgrunnlaget reduserast i forhold til arbeidstida etter føresegnene i § 15 i pensjonslova.
4. I høve til føresegnene i pensjonslova inneber medrekninga at statstenestemenn ved Norsk Romsenter blir sett på som om han/ho har vore medlem av Statens Pensjonskasse i vedkommande tidsrom når det gjeld føresegn om opptaksreglar, berekning av pensjon med vidare.
5. Arbeids- og administrasjonsdepartementet kan så langt det trengst gi utfyllande føresegn for gjennomføring av ordninga ovanfor."

KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Eirin Faldet, Torny Pedersen og Ola Røtvei, fra Høyre, Afshan Rafiq, lederen Sonja Irene Sjøli og Olemic Thommessen, fra Fremskrittspartiet, Ulf Erik Knudsen og Karin S. Woldseth, fra Sosialistisk Venstreparti, Magnar Lund Bergo og May Hansen, fra Kristelig Folkeparti, Dagrun Eriksen og Ola T. Lånke, og fra Senterpartiet, Eli Sollied Øveraas, viser til at forslaget om overføring av Norsk Romsen-

ters pensjonsordning i Storebrand til Statens Pensjonskasse er forelagt Kredittilsynet til uttalelse. Komiteen har merket seg at Kredittilsynet har satt som betingelse for overføring av midlene tilknyttet den enkeltes premiereserve at hvert enkelt medlem gir sitt samtykke og at slikt samtykke også er gitt av de aktuelle arbeidstakere.

KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har ellers ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

I medhald av lov 28. juli 1949 om Statens Pensjonskasse § 20 tredje leddet blir det fastsett følgjande reglar om medrekning av tenestetid for tenestemenn i Norsk Romsenter:

1. Tenestemenn i Norsk Romsenter som blir medlemmer av Statens Pensjonskasse fordi dei har stillingar som gjer at dei blir overførte til staten, får tida før medlemskapen i Statens Pensjonskasse godskriven som pensjonsgivande tenestetid i Statens Pensjonskasse dersom dei har vore omfatta av ei

kollektiv pensjonsforsikring i Storebrand. Det er ein føresetnad at premiereservane blir overførte til staten.

2. Dei tilsette som tidlegare har arbeidd ein annan stad, og der har vore medlem i ei anna pensjonsordning, får denne tida rekna med, dersom premiereserven frå den tidlegare pensjonsordninga er blitt overført til Storebrand, eller det er avtalt at verdien av den fripolisen vedkommande har i andre ordningar, går til frådrag i utbetalinga frå Storebrand.
3. Går tenestemennene i Norsk Romsenter over frå deltidsstilling til større deltidsstilling eller til full stilling ved overgangen til statsteneste, kan pensjonsgrunnlaget reduserast i forhold til arbeidstida etter føresegnene i § 15 i pensjonslova.
4. I høve til føresegnene i pensjonslova inneber medrekninga at statstenestemenn ved Norsk Romsenter blir sett på som om han/ho har vore medlem av Statens Pensjonskasse i vedkommande tidsrom når det gjeld føresegn om opptaksreglar, berekning av pensjon med vidare.
5. Arbeids- og administrasjonsdepartementet kan så langt det trengst gi utfyllande føresegner for gjennomføring av ordninga ovanfor.

Oslo, i familie-, kultur- og administrasjonskomiteen, den 8. juni 2004

Sonja Irene Sjøli
leder

Ola T. Lånke
ordfører